Rådgjevarnettverk for ungdomssteget og vidaregåande skule 18.04.2024 kl 9.30-14.30, Leikanger ungdomsskule

19 møtte.

Innleiing v/ Christian Kleiven, Jarle Flo og Ingrid Steine Bortne

-Presentasjonsrunde
-Tips om studie
-Tips om å melda seg inn i Rådgjevarforum

Korleis har me teke eller kan me ta i bruk det nasjonale kvalitetsrammeverket for karriererettleiing? v/Jarle Flo, Sogndal VGS

-sjå stikkordliste vedlagt
-frå 2020
-eit verktøy for alle som driv med rettleiing
-karrierekompetamse, læring, etikk, kvalitetssikring
- www.kik.hkdir.no -> karriereveiledning
Handlar om livsreisa, livsmestring/-handtering, overgangar i skule
Kor bundne er me til dette verket? Ikkje pålagt, men 1.8.2024 kjem ny opplæringslov, §16-1, 2 seier mindre no en før, men det ligg fleire føringar inn mot viktigheita av at «alle» pedagogar er med på dette arbeidet som ligg i karriererettleiinga (livsmeistring). Det er viktig at skulane har eit heilheitleg syn på tematikken.

Leiinga ved skulane må vera med å ta ansvar for å leggja til rette for gode vilkår for rådgjevarane og pedagogane/kontaktlærarane/personalet, både når det gjeld kompetanseheving, synleg fokus på t.d. møte/kurs-arenaer/team, tid, t.d.

Undervisningsopplegg v/Christian Kleiven, Leikanger ungdomsskule

-Ha refleksjonsspørsmål i teama ved skulen (sjå døme som vedlegg)

Tips:

-Livet og sånn, www.livetogsann.no Refleksjonsarbeid rundt etikk.

-Karrierekompetanse har gode samtalestartarar! Gjerne i grupper.

Det er viktig at faglærarar knyter undervisninga si og kompetansen til «framtidige behov» ovanfor elevane og henvisa til kvar ein har bruk for den (ref: utdanning/yrker).

Det er vanskeleg å skriva referat/notatar i samtalen med eleven, det er lurt å skriva ned etterpå, og for så å ta fram notatar ved neste møte, og referera til dei.

Det er òg lurt å gje «lekser» til neste møte, eit tema, ei lenkje (åleine eller saman med foreldre).

Overgang ungdomsskule-vidaregåande skule v/ Torunn Grut, Astrid Rømmen og Jorunn Margrethe Vigdal

Sjå momentliste frå Sogndal VGS som vedlegg.

Prosedyrar for nyleg ankomne minoritetsspråklege i ungdomsskulen som ikkje er klare for ordinært VG1. Innsøkning til GMU. Korleis ser tilbodet ut ved oppstart hausten 2024?

-vedtak for eitt år om gongen

-rett på 2 år (ved unntak/spesielle forhold: 3 år)

Korleis kan me teste/få eit inntrykk på korleis norsk-kompetansen er?

I tillegg andre fag-kunnskapar: matematikk, engelsk?

Per no er det for dårleg kartlegging.

Sogndal opplæringssenter har testar, elevane meldast opp til vaksenopplæringa for testing. Vurdering av skiftleg og muntleg nivå.

Korleis skal me sikra at reell informasjon om kompetanse hjå eleven kjem fram til VG1/GMU?

Når ikkje eleven har Min id: Send kartlegging i brev-form/ lever fysisk til VGS for å sikre at dei rette får hand om informasjonen?

Skulane skal gje eit komplett vitnemål og eleven skal opp til eksamen (unnateke fritak F, ikkje vurdering IV).

Kan eleven få ein konvolutt med kartleggingsresultat ++ som den sjølv leverar neste skule eller vert det rota vekk? Er det betre at skulen leverer?

Overføringsmøter er viktige, der ein får (med samtykke!) overlevert aktuell informasjon som trengs mellom ungdsk/vg/GMU!

Besøksdag på GMU: Det vert jobba med å få til besøksdag hjå GMU ved Sogndal vgs første veka i juni. Christian og Torunn avtalar dato som vert sendt ut på e-post til dykk rådgjevarar. Her kan fleire skular henge seg på.

Det vert også planlagt overgangsmøte med ungdomsskulane og vgs i veke 23.

Næringsreiser v/Svein Hauge, arbeidslivskontakt Sogndal VGS

Sjå presentasjon vedlagt.

Inntaksområde 5 Indre Sogn: Vik, Sogndal, Aurland, Lærdal, Årdal, Luster

Me har 2 vidaregåande skular.

Korleis behalda ungdomen lokalt?

Næringsreise: Vitja bedriftene våre for å bli kjend med kva som me har av arbeidsplassar, for betre å kunna skreddarsy/informera elevane før dei vel retning. Kan kvar kommune vera vertskap-for å visa kva som er arbeidsplassar i kommunen?

Det er og ynskje om å få til ei utdanningsmesse, i storhallen, der bedrifter stiller ut og presenterar seg for 8.-9. klasse, kanskje ha utstillinga ei veke, slik at flest mogeleg får vitja messa.

Ymse

- Innovasjons- og karrieredag ved HVL for 10.klasse vert 25. og 26.september i år. Skulane vert fordelt mellom dei to dagane etter påmeldingsfristen er ute 31.mai. Invitasjon vert sendt ut til skulane i midten av mai. Det vert også høve til å besøke bedrifter etter avtale, merk det av på påmeldinga i så fall
- Ingrid minner om § 2.8 i opplæringslova, særskilt språkopplæring. Brukar skulane denne nok? https://lovdata.no/nav/lov/1998-07-17-61/kap2/%C2%A72-3 Viktig for elevane som skal over i VGS at elevane har fått dei vedtaka dei treng. Kan vere lurt at rådgjevarane årleg etterspør dette hjå rektor
- Oppgåva til denne april-samlinga var at rådgjevarane skulle sende inn ei kort skildring av sine rådgjevaroppgåver slik at me kan utveksle litt informasjon om oppgåveløysing og organisering på tvers av skulane i Sogn. Ingrid sender samledokumentet ut i eigen e-post til rådgjevarane.

Skrivar: Monika Hartveit